



Norsk Klimastiftelse
Olav Kyrresgt. 11
5014 BERGEN

Dato: 07.02.2014
Vår ref.: 2014/443-2
Dykkar ref.:

Melding om vedtak: Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse

Vi viser til brev frå Norsk Klimastiftelse der Hordaland fylkeskommune er beden om tilbakemelding om kven som skal representera fylkeskommunen i rådet for stiftinga i perioden 2014-2018.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 30.01.2014 sak 25/14 og gjorde følgjande vedtak:

Hordaland fylkeskommune meiner medlemskap i Norsk Klimastiftelse er viktig for å få ned klimagassutsleppa i Hordaland slik Klimaplan for Hordaland legg opp til. Hordaland fylkeskommune vel for perioden 2014-2015 Mona Hellesnes som medlem i rådet for Norsk Klimastiftelse.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/443-1
 Saksbehandlar: Jan Nordø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	25/14	30.01.2014

Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse

Samandrag

Norsk Klimastiftelse bed i brev av 18.12.13 Hordaland fylkeskommune om å velja representant til rådet for stiftinga. Valperioden er 2014 – 2018. Medlem i rådet i inneverande periode er fylkesordførar Mona Haugland Hellesnes.

Norsk Klimastiftelse er ei ikkje-kommersiell stifting som arbeider for utvikling og bruk av ny teknologi og nye energiformer som kan bidra til å redusera energibruk og utslepp av klimagassar. Målet er å vera ein møteplass for næringsliv, forskingsmiljø og offentlege myndigheiter, og hjelpa fram bedrifter som satsar på klimavenleg teknologi.

Norsk Klimastiftelse gjev viktige bidrag til å få ned klimagassutsleppa i Hordaland. Gjennom medlemskap i rådet vil fylkeskommunen kunna påverka politikkkutforminga på klimafeltet slik Klimaplan for Hordaland og Klimaplanen sitt handlingsprogram legg opp til. Potensialet er stort, ikkje minst i privat sektor.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune meiner medlemskap i Norsk Klimastiftelse er viktig for å få ned klimagassutsleppa i Hordaland slik Klimaplan for Hordaland legg opp til. Hordaland fylkeskommune vel for perioden 2014 - 2018 som medlem i rådet for Norsk Klimastiftelse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Mona Røsvik Strømme sette fram slikt forslag:

"Val av rådsmedlem i Norsk Klimastiftelse 2014-2015: Mona Hellesnes (V)."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune meiner medlemskap i Norsk Klimastiftelse er viktig for å få ned klimagassutsleppa i Hordaland slik Klimaplan for Hordaland legg opp til. Hordaland fylkeskommune vel for perioden 2014-2015 Mona Hellesnes som medlem i rådet for Norsk Klimastiftelse.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.01.2014

1. Innleiing

Norsk Klimastiftelse bed om tilbakemelding om Hordaland fylkeskommune framleis vil sitja i rådet for stiftinga og kven som evt. skal møta for fylkeskommunen i valperioden 2014-2018.

I samsvar med vedtektene er funksjonstida for rådsmedlemane fire år, med høve til forlenging. Styret i stiftinga kartlegg no kven som ønskjer å bli med vidare for så å koma med framlegg til nytt råd i god tid før neste rådsmøte i Bergen 2. april 2014.

Rådet møtast ein gong i året.

2. Historikk

Føremålet for Norsk Klimastiftelse er uttrykt slik i vedtektene for stiftinga:

Stiftelsens allmenntilgjengelige formål er, gjennom egen virksomhet, herunder formidling av kunnskap og forslag fra anerkjente kunnskapsmiljøer, å bidra til tiltak – offentlige som private – som leder til redusert utslipp av klimagasser og redusert energiforbruk, ny teknologi og utvikling av nye energiformer. Tilsvarende kan stiftelsen arbeide for tiltak som svekker skadevirkningene av inntrådte eller fremtidige klimaendringer. Stiftelsen skal også fremme holdningsskapende arbeid for et bedre klima og miljø. Stiftelsen skal ikke ha erverv til formål.

Norsk Klimastiftelse blei etablert i 2010, finansiert av Sparebanken Vest (Visjon Vest). Sparebanken Vest, Nansensenteret, Fritt Ord og Biskopen i Bjørgvin var dei fire stiftarane.

Helga Flesche Kleiven, Martin Smith-Sivertsen, Arvid Nøttvedt og Pål W. Lorentzen sat i det første styret. Stiftinga etablerte også eit råd på 16 støttespelarar frå næringsliv, forskning, organisasjonar og myndigheiter, m.a. Hordaland fylkeskommune.

I januar 2011 vart Anders Bjartnes tilsett som dagleg leiar, og i august 2012 Lars Henrik Paarup-Michelsen som rådgjevar. Dagens styre er samansett slik: Leiar Pål W. Lorentzen (høyesterettsadvokat), styremedlemane Arvid Nøttvedt (CMR), Erik Bøckmann (Bergen Energi AS), Kikki Kleiven (Bjerknessenteret) og Nils A. Røkke (SINTEF) og varamedlem Hans-Roar Sørheim (CMR).

I 2012 lanserte Norsk Klimastiftelse nettavisa «Energi og klima». Stiftinga er òg medlem av Clinton Global Initiativ (CGI) som har til føremål å utvikla og gjennomføra løysingar på dei mest presserande utfordringane i verda. Hausten 2012 blei prosjektet 2°C, som Norsk Klimastiftelse driv i samarbeid med Bjerknessenteret for klimaforskning, godkjend som CGI Commitment.

Hordaland fylkeskommune inngjekk i 2013 eit samarbeid med Norsk Klimastiftelse om forprosjektet Klimapartner Hordaland. Målet med forprosjektet er å skaffa interesserte deltakarar til Klimapartner Hordaland, som er eit offentleg-privat samarbeid for å få klimaengasjementet opp og klimagassutsleppa ned. Deltakarane i samarbeidet forpliktar seg til konkrete tiltak for å redusera utsleppa frå eiga verksemd. I 2013 bidrog Hordaland fylkeskommune med kr 200 000 i prosjektet. Fylkeskommunen er prosjekteigar til forprosjektet, medan Norsk Klimastiftelse er prosjektleiar.

3. Rådet

Rådet i Norsk Klimastiftelse har ein rådgjevande funksjon og uttaler seg om stiftinga sin strategi, stiftinga sine prosjekt, rekneskap og årsmelding, nye medlemar til styret og andre saker som blir lagt fram for rådet. Rådsmedlemane er også aktive samarbeidspartnarar med Norsk Klimastiftelse.

Rådet har i dag 17 medlemar som er valde for perioden 2011-2013. Desse er:

• Marit Warncke	Leiar	Adm. dir. i Bergen Næringsråd
• Filip Rygg	Medlem	Byråd i Bergen kommune
• Halvor Nordhaug	Medlem	Biskop i Bjørgvin
• Atle Neteland	Medlem	Konsernsjef i BKK
• Arvid Nøttvedt	Medlem	Adm. dir. i Christian Michelsen Research
• Jan Fredrik Meling	Medlem	Konsernsjef i Eidesvik Offshore ASA
• Einar Womersley Waage	Medlem	Dagleg leiar i Energirike
• Bernt D. Sommersten	Medlem	G.C. Rieber Fondene
• Mona Haugland Hellesnes	Medlem	Fylkesvaraordførar Hordaland fylke
• Ola M. Johannessen	Medlem	Nansen Senter for Miljø og Fjernmåling
• Gunnar Eskeland	Medlem	Forskar ved NHH
• Lars Haltbrekken	Medlem	Leiar i Naturvernforbundet
• Gabriella Tranell	Medlem	Førsteamanuensis ved NTNU
• Sverre Aam	Medlem	Direktør for SINTEF Energi AS
• Siren Sundland	Medlem	Kommunikasjonsdir. i Sparebanken Vest
• Arne Sivert Svindland	Medlem	Adm. dir. i UNI Research
• Sigmund Grønmo	Medlem	Rektor ved Universitetet i Bergen

Fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes blei oppnemnt til Hordaland fylkeskommune sin representant i rådet på fylkestinget 12.03.13. P.g.a. ny valperiode 2014-2018 må medlemane i rådet veljast på nytt.

4. Vurdering

Norsk Klimastiftelse gjev viktige bidrag til arbeidet med å få ned klimagassutsleppa i Hordaland, og nettverksamarbeidet med Hordaland fylkeskommune er tydeleg forankra i sjølve Klimaplanen for Hordaland og i handlingsprogrammet.

I mål for samarbeid og verkemiddel i Klimaplanen heiter det: *I Hordaland skal vi samarbeida for å løysa klimautfordringane.* M.a. peiker planen på følgjande strategi: *Effektivt samarbeid om oppfølging og gjennomføring av handlingsprogrammet for Klimaplan for Hordaland.*

I handlingsprogrammet til Klimaplanen har nettverket mellom fylkeskommunen, kommunane i Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland gitt konkrete og gode resultat (Klimarådet, Klimanettverk Hordaland, miljødag i vidaregåande skular m.m.). Det offentleg-private nettverket har ikkje vore like høgt prioritert, men under tiltaket **kommunikasjonsstrategi** blir Norsk Klimastiftelse framheva som samarbeidspartnar (s. 7). Om innhaldet i strategien heiter det m.a.:

Klimaplanens handlingsprogram inneheld ei lang rekke tiltak som vedkjern nær sagt alle samfunnsområde. Ein kommunikasjonsstrategi bør særleg ta for seg sektorar der fylkeskommunen har sterk påverknad over politikktutforminga.

Måla for kommunikasjonsarbeidet bør i hovudsak vera knytt til at ein faktisk oppnår iverksetting av gode tiltak som gir CO₂-reduksjon. Tiltak for å sikra at arbeidet vert synleg i det offentlege rommet må koma som eit resultat av det konkrete arbeidet som gjerast. Målgruppene for kommunikasjonstiltaka vil soleis i hovudsak vera beslutningstakarar i verksemder, både offentlege og private, som må spele ei rolle i gjennomføring av tiltaka.

Gjennom medlemskap i rådet til Norsk Klimastiftelse vil fylkeskommunen kunna påverka politikktutforminga slik Klimaplanen sitt handlingsprogram legg opp til. Målet må vera etter kvart å oppnå like gode resultat på miljøstyring og reduserte CO₂-utslepp i andre sektorar som i fylkeskommunal og til dels kommunal sektor. I den samanhengen kan fylkeskommunen tilby solid kompetanse. Like viktig er den gjensidige kompetansebygginga som nettverket fører til. Her kan det vera mykje å henta for Hordaland fylkeskommune.

5. Oppsummering

Rådet i Norsk Klimastiftelse har ein funksjonstid på fire år. Det betyr at det skal gjerast nytt val for perioden 2014-2018. Styret i stiftinga kartlegg no kven som ønskjer å halda fram i rådet for så å koma med framlegg til nytt råd i god tid før neste rådsmøte i Bergen 2. april 2014.

Hordaland fylkeskommune er i inneverande periode representert i rådet ved fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes og samarbeider med Norsk Klimastiftelse gjennom prosjektet Klimapartnar Hordaland. Både medlemskapen i rådet og prosjektsamarbeidet er i tråd med Klimaplanen for Hordaland og handlingsprogrammet til klimaplanen. Her blir nettverksbygging og kommunikasjon framheva som viktige verkemiddel for å oppnå reduksjon av CO₂-utslepp i alle sektorar, både offentlege og private. Fylkeskommunen sin høge kompetanse på nettverksbygging i offentleg sektor er nyttig for arbeidet i Norsk Klimastiftelse. Samstundes har fylkeskommunen mykje å læra frå andre sektorar.

Hordaland fylkeskommune bør derfor halda fram medlemskapen i rådet for Norsk Klimastiftelse ved å velja representant for valperioden 2014-2018.